



Jan Magnar Solvang
Åsgardane 73
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2631 - 20/429

Saksbehandlar:
Hege Eeg
hege.eeg@osteroy.kommune.no

Dato:
08.01.2020

79/16 - Bysheim - Manglar ved utslepp - Vedtak om retting og tvangsmulkt

Administrativt vedtak. Saknr: 005/20

Eigedom: Gnr. 79 bnr. 16, Bysheim

Heimelshavar: Jan Magnar Solvang

Heimel: Ureiningslova §§ 7 og 73

VEDTAK:

Pålegg:

Med heimel i ureiningslova § 7 vert det gjeve pålegg om retting av det ulovlege tilhøvet på gnr. 79, bnr. 16. Retting må skje ved at det vert søkt om tilkopling til kommunalt avløp eller det vert søkt om løyve til utslepp. Eit eventuelt vedtak må følgjast opp i samsvar med lov og føresegn.

Retting må vere utført innan 30.4.20.

Tvangsmulkt:

Med heimel i ureiningslova § 73 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

1. Eingongsmulkt på kr 25.000 dersom kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på tilhøvet er retta til lovlege former innan utløpet av pålagt frist.
2. Tvangsmulkt på kr 500 per dag etter utløp av pålagt frist.

Det vert vist til førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt av 26.8.2019. Frist for retting vart sett til 31.10.2019. Det ble gjeve ny frist for innsending av dokumentasjon til 8.11.19. Kommunen har ikkje motteke dokumentasjon på at tilhøvet er retta innan fristen.

Kommunen har mottaken og vurdert dykkar uttale og besvart denne i brev av 11.12.19.

Kommunen har kontrollert dei kommunale arkiva, men har ikkje funnet dokument som viser at avløpsanlegget er søkt om eller godkjent heller ikkje utsleppsløyve. Kommunen legg til grunn at gnr. 79 bnr. 16 er tilkople eit avløpsanlegg som ikkje er godkjent og som difor utgjer ein fare for ureining jf. ureiningslova § 7.

Kommunen vurderer tilhøvet som å vera i strid med ureiningslova.

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Pålegg om retting

Kommunen kan med heimel i ureiningslova § 7 krevje retta tilhøve som er i strid med ureiningslova:

«Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntre. Har forurensningen inntrådt skal han sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller begrense virkningen av den. Den ansvarlige plikter også å treffe tiltak for å avbøte skader og ulemper som følge av forurensningen eller av tiltakene for å motvirke den. Plikten etter dette ledd gjelder tiltak som står i et rimelig forhold til de skader og ulemper som skal unngås.»

Vedtak om tvangsmulkt:

Som eit av verkemidla med heimel i § 73 i ureiningslova for å få gjennomført gjevne pålegg, er det i § 73 andre ledd andre punktum gjeve heimel for pålegging av tvangsmulkt.

«For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.»

Tvangsmulka er løpande inntil kommunen har motteke skriftleg dokumentasjon/foto på at tiltaket er retta.

Tvangsmulka forfell til betaling 30.4.20 dersom pålegget om retting ikkje er oppfylt.

Forfallen tvangsmulkt vil bli kravd inn utan vidare varsel. Tvangsmulka kan krevjast inn etter reglane i tvangsfullbyrdingslova § 7-2 , som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet.

Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilhøvet, jf. ureiningslova § 73 andre ledd andre punktum.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan frist for retting.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verte avslutta.

Det vert gjort merksam på at om det vert sendt inn søknad, og søknaden er ufullstendig eller mangelfull, vil kommunen krevje inn tvangsmulkt til søknaden er komplett.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Varsel om førelegg

I medhald av ureiningslova vert det varsla om at pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsett frist, kan følgjast opp med førelegg. Etter ureiningslova § 73 kan førelegget få verknad som rettskraftig dom om den ansvarleg ikkje overheld fristen for retting.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 005/20

Med helsing

Berit Rystad
sektorleiar

Hege Eeg
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.